

Statkraft fekk nei frå Fylkesmannen

LEIKANGER: I konflikt med verneverdiar både lokalt, regionalt og nasjonalt, seier Fylkesmannen, og rår til at det ikkje vert gjeve høve til å sleppa Statkraft laus på Jostedalen si vestside.

Fylkesmannen legg også vekt på at Luster kommunestyre har rådd frå at det vert gjeve konsesjon på den omsøkte utbygginga.

Krystallklar

Konklusjonen er krystallklar. Staten sin forlenga arm i det administrative apparatet ber den same Staten seia nei til Staten sitt fremste verkty på vassdragsutbygging.

Statsaksjeselskapet Statkraft har søkt om å få overføra alle dei åtte breelvene som på vestsida av dalføret drenerer til Jostedøla. Planen er å klippe dei av oppe i dalsida og overføra dei til ein utvida Tunsbergdalsdam.

Damtoppen

Men også det siste set Fylkesmannen foten ned for.

Han seier at ei heving av Tunsbergdalsdamen vil vera i konflikt med allmenne interesser. Dei tyngste innvendigane blir likevel mobiliserte på verknaden av å klippa elvane på 540 meter, for å samla opp vatnet og føra det i tunnel til kraftverket i Leirdalen.

Sumeffekten

Dei negative konsekvensane er for store, seier Fylkes-

mannen, og markerer indirekte at Jostedalen har tolt nok.

Det heiter: «...sumeffekten av all vassdragsutbygging i Jostedalen, utbygginga det no er søkt om og ei eventuell utbygging av Vigdøla, vil gje store negative konsekvensar for biologisk mangfald, verneverdiar, landskapsomsyn og friluftsinnteresser.»

Lokal motstand

Fylkesmannen har også merka seg den lokale motstanden i dalføret.

Statkraft har også søkt om ei ytterlegare utbygging i Vigdøla. Fylkesmannen har i denne omgangen ikkje gjeve fråsegn om denne delen av Statkraft sine planar. Det heiter at Fylkesmannen vil gje eiga fråsegn til sistnemnde søknad.



SEIER NEI: Fylkesmannen viser til kva Jostedalen representerer på nasjonale verdiar og konkluderer med eit klart nei til Statkraft sine planar om å henta meir kraft frå åtte urørde elvar. Biletet viser Røykjedøla som kjem ned i Krundalen og er ein av dei åtte elvane.